

nr. 5 - 2008

# PiRion

- kulturavis for barnehagar og skular

- Eg lurar på...?



# Å ANERKJENNE BARNET SOM SPØR



**Kvifor lurar ein på alt mellom himmel og jord når ein er liten, for seinare å ende opp som ein vaksen som skammar seg viss ein skulle komme til å undre seg over noko? Filosofen Steinar Bøyum er oppteken av å ta vare på barnet sitt intense ynskje om å forstå kvifor ting er slik dei er.**

TEKST: RAGNHILD MARGRETHA TARANGER  
FOTO: SIRI EKKER SVENDSEN



Bøyum er førsteamanuensis i pedagogikk ved Universitetet i Bergen. Under barnehagekonferansen 2008 i Stavanger, heldt han føredraget *Filosofi med små barn*. Der trakk han mellom andre fram den amerikanske filosofen Matthew Lipman, som meiner at det ikkje må vere slik at ein sluttar å undre seg når ein blir vaksen. I følgje Lipman ligg feilen i utdanningssystemet, som har mista den filosofiske dimensjonen.

## Tenkjeevna

Lipman meiner at tenking er ei basisferdigheit på lik linje med skrivning, lesing og rekning. - Å tenkje godt burde vere eit like naturleg mål for utdanning som å skrive, lese og rekne godt, for ikkje å snakke om «digital kompetanse», seier Bøyum. Han trur evna til å tenkje godt er blitt ignorert i utdanningssystemet fordi ein ikkje har trudd det finst god og dårleg tenking. Tenking har blitt sett på som noko ein ikkje kan lære, men som ein kan eller ikkje kan etter kor høg IQ ein er fødd med. Dette er han ikkje einig i.

- Det å tenkje logisk, kritisk, klart, presist, fantasirikt, å kunne grunnkje sine standpunkt, sjå saker frå fleire sider og så vidare, er evner som kan og må utviklast gjennom øving, seier han. Han meiner at gjennom filosofien lærer barna denne tenkinga naturleg ved at ein tek opp spørsmål barna sjølve er opptekne av.

## Store spørsmål

Filosofi er å gruble over dei store spørsmåla i livet. Korleis er til dømes forholdet mellom rettferd og likskap? Kva er venleik? Kva er skilnaden mellom menneske og dyr? Viss ein er usikker på om det ein grublar på, er filosofiske spørsmål, finst det ein test ein kan bruke: -Kan du tenkje deg ei bok der svaret på spørsmålet står? Viss det finst ei slik bok, er det ikkje filosofi du driv med, seier Bøyum.

Samstundes skal filosofien handle om allmenne spørsmål. Korleis kan barn, som kanskje har ei avgrensa forståing av generelle omgrep som til dømes rettferd, filosofere over slike omgrep? Bøyum meiner at ein ikkje treng kunne abstrakte omgrep for å kunne filosofere. - Ein diktar kan skrive om ein spesiell blome og få det til å handle om blomar generelt eller livet generelt. Slik kan born til dømes snakke om fordeling av kake og samstundes reflektere over rettferd generelt, også utan at dei treng forstå vanskelege ord.

## Korleis gjer ein det?

Må ein vere filosof for å kunne filosofere med barn? - Nei, meiner Bøyum. - Mange barnehagearbeidarar gjer det allereie, kanskje utan å tenkje over at det er det dei gjer. Han meiner likevel at ein kan bli betre til å fange opp og vidareføre filosofiske augneblick. - Det hjelper å vere bevisst og open for filosofien, og å øve seg i å

filosofere. Det kan sjølvsagt også hjelpe å lese litt filosofi sjølv, seier filosofen, som trur meir på spontane, filosofiske samtalar som oppstår gjennom lek og daglege gjeremål, enn strukturerte og planlagte filosofistunder.

Bøyum føreslår å ta utgangspunkt i utsegner, lek med ord eller hendingar for å kome i gang med filosofiske samtalar med barn. Han fortel om sonen sin, som ein morgon var sint fordi det var mørkt ute.

- Han meinte at det var natt, og at han ikkje ville gå i barnehagen midt på natta. Systema meinte at det var Gud som bestemte at det skulle vere mørkt, og slik byrja ein diskusjon om kva Gud eigentleg kan bestemme, ikkje ulikt det filosofane dreiv på med i middelalderen.

### Ein flyktig kunst

Bøyum understrekar at det ikkje blei noka lang samtale, og at ein ikkje skal vente at filosofiske samtalar med barn blir lange og djupe. - Ein skal ikkje vere trist over at filosofien fer så fort forbi, det er ikkje mengda det kjem an på.

Det er det å røre ved filosofiske tema, og slik halde den filosofiske forundringa i live, som er det viktige, og som Bøyum håpar at ein kan gjere oftare, også i barnehagen.

Sjølveste Sokrates meinte at tulleri var kjelda til filosofien. Og dei fleste barn elsker å tulle og leike med ord. Kva viss det var natt om dagen? Kan storebroren vere mindre enn veslebroren? Tenk om tida gjekk baklengs? Tenk om barna bestemte alt? - Ved å tulle og opne oss for at ting kan vere annleis enn det vi er vane med, gjer vi verda til noko framand, noko vi kan undre oss over, slår Bøyum fast.

Også små og store hendingar vi opplever, kan ha filosofisk potensiale i seg, i følge Bøyum. - Noko som skjer eller noko ein ser, kan skape små gliper i kvardagen der det opnar seg rom for filosofisk refleksjon. Både ein blome som veks eller nokon som døyr, kan vere gode inngangar til filosofien.

Den vaksne, pedagogen, skal ikkje vere den som sit inne med kunnskap som skal bringast vidare, men snarare ein samtaleleiar som sørgjer for at ein held seg på sporet. Men samtalan skal vere spontane og umiddelbare og ikke trekkjast lenger enn det barna sjølve vil.

### Anerkjenning

Bøyum åtvarar mot å avvise barns tilløp til filosofisk refleksjon ved å til dømes unngå å ta opp spørsmåla dei stiller. - Barn merkar fort kva som gjer vaksne forlegne eller engstelege, og trur gjerne at ein ikkje skal spørje om slike ting (til dømes kva som skjer etter døden).

Heller ikkje å smile og kaste spørsmålet tilbake til barnet med eit kva syns du? er noko Bøyum vil anbefale. - Ein slik reaksjon kan og virke

som ei avvisning. Ofte er det betre å prøve å seie kva ein meiner, men å gjere det på ein slik måte at barnet forstår at det er eit ope spørsmål.

Han er oppteken av at ein ved å setje ord på slike store spørsmål anerkjenner at dei finst. Ein viser barna at dei vaksne óg tenkjer på slike ting, og at ein kan diskutere dei. Det er godt for barn å vite at spørsmåla ikkje er farlege, og at dei kan vere viktige, meiner filosofen.

### Risikosport

Bøyum meiner at det ikkje er heilt uproblematisk å lære barn å tenkje. Vi vil jo ikkje ha ungar som diskuterer om ein skal gå på raudt lys, til dømes. Og i nokre familiar kan det nok vere svært upassande med ein pode som allerede i barnehagen byrjar å stille spørsmål ved om Gud eksisterer. - Ein kan ikkje vite kva ein kjem fram til når ein først har byrja å tenkje, seier Bøyum. Likevel meiner han at ungane har rett til å få utvikle tenkjeevna si, og viser til FNs barnekonvensjon. Der heiter det nemleg at barn har rett til «tankefrihet, samvittighetsfrihet og religionsfrihet».

Denne retten må vi ta på alvor, meiner Bøyum, og konkluderar med at det er på sin plass at filosofien no er komen inn i rammeplanen for barnehagen.

- Å anerkjenne filosofiske spørsmål er å anerkjenne barnet som spør, seier Steinar Bøyum.



# Skattkista

LES!  
HØYR!



## Jakob og Neikob

Av Kari Stai  
Samlaget 2008

Nokre menneske har lett for å seie ja, andre svarar nei til det meste. *Jakob og Neikob* lærer oss at nei kan bli til ja, og at ja-menneske også av og til må setje grenser. Jakob er den positive, den som kjøper

lamper og trommer av seljarar, den som alltid vil på tur og som let farlege tjuvar få lov til å sitje på heilt til Utlandet. Neikob, derimot, er skeptisk til det meste, han vil ikkje dele hus med Jakob på grunn av alt det Jakob kjøper, han vil ikkje ha boller og ikkje vere med på biltur. Neikob kan faktisk seie nei på hundrevis av språk.

Men så kjem Jakob på det geniale. «Du seier vel ikkje nei til ein biltur, vel?» spør han Neikob, som sjølvsagt svarer «Nei». Dermed reiser dei på tur mot Utlandet.

Kari Stai, som er både tekstforfattar og illustratør av boka, tek opp eit viktig tema dei fleste av oss vil kjenne seg att i. Ofte kan det vere naudsynt at nokon fortel oss om me bør seie ja eller nei. Ingen av oss kan vere positive eller negative til alt.

Teikningane i boka er store og dominerande med klåre fargar. Dei er enkle i streken og gir oss eit tydeleg inntrykk av Jakob og Neikob, ikkje minst gjennom ansiktsuttrykk som tydeleg viser oss kven som seier ja og nei. Det er tydeleg at illustrasjonane er inspirerte av kollasj – noko som gir eit levande uttrykk.

Dei små tekstavsnitt finn sine naturlege plassar på sidene og fører til at boka truleg vil passe best som høgtlesing for born frå fire år og oppover. Med så sterke teikningar vil det også for dei minste vere lett å fylgje med i handlinga.

*Jakob og Neikob* har også fått sin plass i antologien *Les for meg!*, som Nynorskcenteret står bak. Denne antologien vert gitt som gåve til alle barnehagar og småskular i landet.

Judith Sørhus Litlehamar

## PIRION-kurs

Kva kultur er det me ønskjer at barna våre skal lære?

### Korleis skapar me ein kulturbarnehage?

Ole Brum, Ola Tveiten eller Barbie, kor hentar barna opplevingsfrå?

#### Om kurset

Kulturavisa Pirion tilbyr kurs i kulturformidling for tilsette i arnehage og småskule og elles andre som arbeider med små barn.

Kurset skal vere med å bevisstgjera dei vaksne på kva kultur ein ønskjer å formidle og syne korleis den lokale kulturen og historia er eit godt grunnlag for dette.

Samstundes blir det praktiske øvingar som dei vaksne kan ta med seg i sitt vidare arbeid. Pirionkurset passar for både små og store grupper. Kurset varar mellom 6 og 8 timar.

#### Om Pirion

Stiftinga Pirion gir ut kulturavisa Pirion fire gonger i året. Me bidreg og fast til

Fagbladet, seksjon kyrkje, kultur og oppvekst, åtte gonger årleg. Pirionkurset er eit tilbod me har til alle, heilt uavhengig av abonnement.


#### Om kurshaldarane

Kurshaldarane våre har brei erfaring frå folkemusikk, forteljarstudium, kulturskule og kulturliv generelt.

#### Kontakt:

Vil du tinga kurs eller få meir informasjon, ta kontakt med Astrid Eidhammer Hjelmeland: tlf: 52 79 04 84 / 97 19 47 88 (måndag og tysdag mellom 9 og 15) epost: pirion@norsk-plan.no

PIRION



Tips oss på [pirion@norsk-plan.no](mailto:pirion@norsk-plan.no) Me vil gjerne ha tips og innspel om det er noko du syns me bør ta opp, eller om du har tips om bøker me bør skriva om. Sjå og [www.pirion.no](http://www.pirion.no)